



---

# Informasjonsnotat / orientering

---

**Frå:**

Grete Lill Hjartnes

**PROSJEKTEIAR  
VAL AV PERSON/FIRMA FOR Å LAGE ANBODSGRUNNLAG**

*Saknr/Journalnr*

*Arkivkode*

*Dato:*

17/345/17/3452/HO/GLH

FA-H47

14.03.2017

---

Samnanger kommune skal byggje nytt senter for funksjonshemma på Skottabakken.

Vedtak i kommunestyret 26.01.17.

*Bufellesskap for funksjonshemma vert bygd på Skottabakken.*

*Det vert sett ned ein byggekomité der medlemmane i rådet for personar med nedsett funksjonshemming saman med ein representant frå brukarane, verneombod på Skottabakken, einingsleiar for funksjonshemma, ein representant frå teknisk drift og sektorleiar for helse og omsorg vert deltarar. Komitéen konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.*

I byggekomiteén 22.02.17 vart det bestemt at me skulle be Tor Børresen om hjelp vidare i prosessen. Tor Børresen var byggjeleiar for ny sjukeheim og har delteke i forprosessen på bufellesskapet. Han skulle hjelpe oss å finne fram til aktuelle prosjektleiarar og velje fram til den som kunne lage anbodsgrunnlag som skal ut på Doffin.

- *Tor Børresen: hjelper oss med å få på plass Prosjektleier. Prosjektleiar skal lage klart anbodsgrunnlaget (totalentreprise) som skal ut på Doffin. Børresen må finne 3 aktuelle kandidatar og gje tilråding til byggekomiteén. Byggekomiteén bestemmer kven som får oppgåva.*  
*Tilsette på teknisk eining vil følgje opp prosjektet i byggjepериode, men det må komme fram i kontrakt med Prosjektleiar at han/ho kan nyttast på timebasis i byggjepериoden. Viktig kompetanse og god fagleg støtte for tilsette i kommunen.*

Hilde-Lill Våge (rådmann), Birthe Skar-Moum (einingsleiar funksjonshemma) og Grete Lill Hjartnes (sektorleiar helse og omsorg) hadde møte med Tor Børresen 08.03.17.

Han hadde før møtet fått presentert vår bestilling og var klar over kva me hadde tenkt.  
Han var godt budd til møtet og meinte det ville vera mogeleg å løyse dette både rimelegare og betre for Samnanger kommune.

Før jul vart rådmannen bedt av kommunestyret om ei vurdering/utgreiing av to alternativ for bygging av nytt senter.: alternativ Skottabakken og alternativ Haga.

Sørli Arkitekter AS fekk oppdraget. I samband med utarbeiding av dette notatet fekk Sørli Arkitekter AS god kjennskap til kva Samnanger kommune har planlagt, korleis me tenkjer og kva me treng. Leiar Aage Sørli var her og fekk sjå tomtene og er difor alt godt kjent med dei fysiske forholda på Skottabakken. Kostnad for oppdraget var kr 63 553,-.

Tor Børresen meiner Aage Sørli og hans firma vil vera best eigna til å gjere ein god jobb for oss no. Grunnlagsdokumenta før anbod er dei viktigaste og vil kunne vera avgjerande korleis kommunen og bebruarane kjem ut til slutt. Me har vurdert råd frå Børresen og kome fram til at å bruke Sørli vidare i oppdraget vil vera minst ressurskrevjande både mhp tidsbruk og økonomi.

Administrasjon og politikarar har tillit til Børresen sine vurderingar.

Kostnadane for ein prosjektleiar frå Sørli Arkitekter AS vil ligge mellom kr 100 000,- og kr 200 000,-

### Oppdraget

- Utarbeide grunnlag for totalentreprisekonkurranse for nye omsorgsbustadar på Skottabakken.
- Gjennomføra totalentreprisekonkurransen, inkl. utlegging på Doffin.
- Lage kontraktsforslag for totalentreprisen.

### Innkjøpsreglar

Tor Børresen har vore i kontakt med Sørli Arkitekter AS, som anslår ein pris på mellom 100.000 og 200.000 kroner dersom firmaet får oppdraget som prosjektleiar.

Innkjøp i offentleg sektor er regulert av Lov om offentlege anskaffelsar. Innkjøp/kontrakter med verdi på mellom 100.000 og 1,1 millionar kroner vert regulert av Del I Forskrift om offentlege anskaffelsar. Innkjøp i Samnanger kommune blir i tillegg regulert av kommunen sitt innkjøpsreglement.

Føremålet med Lov om offentlege anskaffelsar er å fremja effektiv bruk av samfunnet sine ressursar, samt å bidra til at det offentlege opptrer med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffelsar skjer på ein samfunstenleg måte. Etter § 4 i lova skal innkjøp i det offentlege gjerast etter følgjande grunnprinsipp: Konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.

Hovudregelen for innkjøp/kontrakter med verdi mellom 100.000 og 1,1 millionar kroner er at det skal hentast inn tilbod frå ”et rimelig antall leverandører”. Tidlegare har Klagenemnda for offentlege anskaffelsar (KOFA) lagt til grunn av oppdragsgjevar som hovudregel bør kontakta minst tre leverandørar, men at dette likevel ikkje er ein absolutt regel. KOFA har uttalt at ”det avgjørende blir derfor en konkret vurdering i det enkelte tilfelle, hvor blant annet arten, verdien og betydningen av anskaffelsen, samt eventuelle mothensyn mot å kontakte mer enn bare en leverandør, vil ha betydning”.

Etter punkt 22 i Samnanger kommune sitt innkjøpsreglement skal det ved innkjøp med verdi 100.000 – 500.000 kroner innhentast tilbod frå minst tre forskjellige leverandørar, så sant dette er praktisk mogleg. Innkjøpsreglementet er ikkje revidert i høve til nye anbodsregler vedteke av Stortinget 1.januar 2017. Der reglane er auka frå kr. 500.000 til 1,1 million

I denne saka er det spørsmål om det finst sterke nok mothensyn mot hovudprinsippet om å henta inn tilbod frå fleire leverandørar. Som beskrive ovanfor er Sørli Arkitekter AS allereie godt kjende med saka/prosjektet. Det klart enklaste og etter alt å døme mest effektive for kommunen vil vera å bruka Sørli Arkitekter AS som prosjektleiar. Dersom det skal innhentast tilbod frå fleire leverandørar, må det først utarbeidast ein nokså detaljert omtale av saka/prosjektet og av kva kommunen ber om tilbod på. Arbeidet med utarbeiding av denne informasjonen må truleg kjøpast av Tor Børresen, og vil kosta ein del. Dersom ein annan leverandør enn Sørli Arkitekter AS blir vald som prosjektleiar, vil det truleg også måtte brukast meir tid/ressursar knytt til oppfølging frå kommunen si side.

Erfaringa vår er at grunnlagsdokumentet er avgjerande for totalentrepisen og prosjektet vidare. Me må syte for at me får mest mogeleg med i dokumentet og at flest mogeleg avklaringar er gjort. Slik me vurderer situasjonen vil ein kunne lage det beste og rimelegaste dokumentet ved eit samarbeidet mellom oss, Tor Børresen og Sørli Arkitekter AS. Det vil ikkje vera mogeleg for nye aktørar å konkurrere på pris då det vil krevja langt fleire timer å kunne setje seg inn i og beskrive prosjektet.